

Referat frå styremøte i Valldal IL torsdag 3. desember 2015

Desse møtte:

Einar Hoel (kom ca kl. 2100) Trond Håvoll, Liv Marit Indreeide

Fotball v/Silje Sandøy Grønning

Ski v/Jan Ole Fuglem

Forfall:

Anders Rem, Kristin Sandnes, Inge Sunde, Magne Eivind Glomnes, Kjersti Magnussen

Sak 38/15 Kulturplan for Norddal kommune

Gjekk raskt gjennom utkast til kulturplan for Norddal kommune. Hovudstyret ønskjer å føye til – Tartandekke løpebane Valldal stadion. Elles mange gode tiltak.

Sak 39/15 Sommararrangement 2016

Hovudstyret stiller seg positive til å trekkje til seg fleire aktørar i samband med sommararrangement 2016, dersom det kan bidra til meir pengar i kassa til Valldal IL. Viktig at vi ikkje gir frå oss «rettigheitene» til arrangementet.

Få i stand eit møte mellom hovudstyret i VIL og interesserte aktørar/firma /medlemmar frå Næringsforum + Terese Jemtegård over nyttår ein gong. Idemyldring, få klarheit i kva dei kan tenkje seg å bidra med.

Sak 40/15 Medlemsregister

Alle er samde om at vi bør få betre rutiner for medlemsregistrering og innkreving av medlemskontingent. Klubbadmin er eit system som bør vurderast til dette.

Styret gjer vedtak om å danne ei arbeidsgruppe som skal sjå på dette. Denne gruppa er sett saman av;

Trond Håvoll – kasserar hovudstyret

Geir Arne Myren – kasserar skigruppa

Silje Sandøy Grønning – kasserar fotballgruppa

Intensjonen er at dette skal opp og gå før medlemskontingenten for 2016 skal ut.

Møtet slutt ca kl 22.00

Liv Marit Indreeide

-referent